



## **RAPPORT**

### **EKSTERN SKULEVURDERING**



**VIKEBYGD SKULE, ULLENSVANG HERAD.**

Tid : 28.-30. OKTOBER 2003.



## FØREORD

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### Kven er vurderar ?

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i Vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## FAKTA OM SKULEN

Vikebygd skule er ein 1 –7 skule med 54 elevar.  
Det er 14 tilsette på skulen , av desse er 7 pedagogisk personale.

Skulen ligg vakkert til med utsikt til Sørfjorden, på Nå i Ullensvang herad.

## VURDERINGSTEMA

Vikebygd skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Korleis utnyttar me skulen sitt fysiske miljø, ressursdisponering (m.a. tildelte timar ) og lærarsamarbeid til beste for undervisninga, og for elevane sitt læringsutbyte.

Etter utarbeiding av kriterium og diskusjon med skulen vart det endelege fokusområde følgjande:

Elevane sitt læringsmiljø med fokus på læringsutbyte.



## KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar. Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

## ELEVANE SITT LÆRINGSMILJØ MED FOKUS PÅ LÆRINGSUTBYTE.

Kriterie – kvalitetskrav.	Teikn på god praksis.
Morgonsamlinga fører til fagleg og sosial utvikling.	<ul style="list-style-type: none"><li>- alle får delta i framføring</li><li>- presenterer fagleg kunnskap</li><li>- eleven er med å bestemmer innhald</li></ul>
Klasseromma kan møblerast ut frå ulike arbeidsmetodar.	<ul style="list-style-type: none"><li>- gruppene som samarbeider varier</li><li>- dei ulike arbeidsmåtene krev ulik fysisk tilrettelegging</li><li>- elevane har god tilgang på ulikt materiell i klasseromma/fellesareal</li><li>- elevane – avhengig av klassenivå - veit å finna fram til hjelpemiddel og lærestoff</li><li>- klasserommet/fellesareal synleggjer kva elevane arbeider med</li><li>- klasseromma /fellesareala er med å skapa trivsel</li></ul>
Elevane arbeider etter arbeidsplanar.	<ul style="list-style-type: none"><li>- arbeidsplanane er freista tilpassa den einkilde læringsmåla er tydelege på planane</li><li>- det er lett for heimen å følgja med på arbeidsplanane</li><li>- arbeidsplanane vert diskutert og evaluert</li><li>- arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsmåtar</li></ul>
Elevane får tilbakemelding på arbeid.	<ul style="list-style-type: none"><li>- skriftlege kommentarar</li><li>- munnlege tilbakemeldingar</li><li>- diskusjon med eleven</li><li>- utviklingssamtalar</li><li>- lærar / elev / foreldresamtalar</li><li>- tilbakemelding på :<ul style="list-style-type: none"><li>• prosess</li><li>• skriftleg arbeid</li><li>• munnleg framføring</li><li>• einskilarbeid</li><li>• gruppearbeid</li><li>• prosjektarbeid praktiske øvingar</li><li>• heimearbeid</li></ul></li></ul>



## DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : elevar, lærarar, andre tilsette og foreldre
- Eksterne : Turid Solberg Mykkeltvedt og Ragnhild Skjerveggen

### Grunngjeving for val av informantar

Skulen sitt fokusområde var slik at ein kunne henta informasjon frå mange informantar. Pedagogisk personale ynskte ei breiast vurdering der dei med tilknytning til skulen vart høyrde.

Skulen ynskjer dessutan å vera ein integrert del av bygda.



## TIDSBRUK OG METODAR

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

### Tidsbruk på Vikebygd skule:

TID	TILTAK	ANSVAR
April 03.	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
9/9 - 03.	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av fokusområde. Vurderingsparet får planar og anna relevant informasjon frå skulen.	Begge paratar
Veke 40	Vurderingsparet lagar spørjeskjema for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag – for foreldre, elevar og personalet. Skulen godkjenner, evt. endringsframlegg til skjema og administrerer utfylling av desse. Frist attende til vurderingsparet : 8/10 - 03.	Vurderingsgruppa Skulen
Veke 41- 42.	Oppsummering av spørjeskjema. Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt til skulen for godkjenning. Skulen drøftar og godkjenner, ev. endrar kriterium, og gjev tilbakemelding til vurderingsgruppa. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderingsparet Vurderingsparet Skulen Vurderingsparet
Veke 43.	<b>Tilrettelegging for tirsdag 28/10 - 03</b> Vurderingsparet ønskjer samtale med ei gruppe av småskuleelevar, plukka frå klasselistene. Praktisk tilrettelegging. Vurderingsparet ønskjer samtale med to grupper tilsette, småskulesteg og andre tilsette . Praktisk tilrettelegging. Observasjon småskuletrinnet. Praktisk tilrettelegging Vurderingsparet ønskjer møte med FAU og klassekontaktane tirsdag 28 /10 kl. 19.00. Praktisk tilrettelegging og innkalling. .	Vurderingsparet. Skulen  Skulen  Skulen.  Skulen.



	<p><b>Tilrettelegging for onsdag 29/10 – 03.</b> Vurderingsparet ønskjer samtale med elevrådet. Praktisk tilrettelegging. Vurderingsparet ønskjer samtale tilsette mellomtrinnet. Praktisk tilrettelegging. Observasjon mellomtrinnet. Praktisk tilrettelegging.</p> <p><b>Tilrettelegging for torsdag 30/10 – 03.</b> Finna tid til fellesmøte mellom personalet og vurderingsparet for framlegging av førebels rapport.</p>	<p>Skulen.</p> <p>Skulen.</p> <p>Skulen.</p> <p>Skulen.</p>
Veke 44.	<p><b>Informasjonsinnhenting:</b> <b>Tirsdag 28/10 – 03.</b> Samtale med ei gruppe av småskuleelevar, plukka frå klasselistene. Samtale med to grupper tilsette, småskulesteg og andre tilsette . Observasjon småskuletrinnet. Vurderingsparet har møte med FAU og klassekontaktane tirsdag 28 /10 kl. 19.00.</p> <p><b>Onsdag 29/10 – 03.</b> Samtale med elevrådet. Samtale med tilsette på mellomtrinnet. Observasjon mellomtrinnet.</p> <p><b>Torsdag 30/10 - 03.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- analyse og oppsummering</li><li>- vurdering</li><li>- mellombels rapport vert lagt fram for personalet, og drøfta med dei</li></ul>	<p>Vurderingsparet Vurderingsparet. Vurderingsparet. Vurderingsparet.</p> <p>Vurderingsparet. Vurderingsparet. Vurderingsparet.</p> <p>Vurderingsparet.</p>
Veke 45.	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Ullensvang herad.	Vurderingsparet
Veke 46	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsparet	Skulen
November.	<a href="#">På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport, spørjeskjema og observasjonskjema vert lagt ut på regionen si nettside.</a>	<a href="#">Kommunen/regionen</a>



### Metode

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta: spørjeskjema til alle elevar, foreldre og alle tilsette. Vidare har me nytta intervju etter utarbeidde malar for elevar, tilsette og foreldre. I tillegg har me observert i alle klassar.

Me var og tilstades på morgonsamlinga tirsdag 28. oktober.

## **SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN TEMAET**

- Skulen har rolege og trygge vaksne som gjev rolege og trygge elevar
- Skulen utnyttar/utviklar evne og anlegg hjå elevane
- Skulen organiser spesialudervisninga på ein fleksibel og effektiv måte til beste for mange elevar
- Dørene til lærarrom og rektor er opne heile tida
- Dei som er knytt til skulen har eit sterkt samhald og "me" kjensle
- Det er godt samarbeid heim - skule

## **SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN TEMAET**

- utvikla arbeidsplanar med klare læringsmål
- elevmedverknad (eleven sitt val )
- lærarsamarbeid /teamarbeid, på trinna og heile personalet
- få til ei samansetjing av klassane som gjer at alle gruppene får eige klasserom



## UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDE.

- utvikla arbeidsplanar med klare læringsmål

Arbeidsplanar er eit godt reiskap for å gje elevane tilpassa opplæring. På arbeidsplanane kan ein variera vanskegrad og arbeidsmengd for den einskilde elev.

Arbeidsplanar gjev også dei føresette innsyn i skularbeid og læringsmål, slik at dei kan vera til hjelp for eleven i opplæringa.

Arbeidsplanane er også eit reiskap for å gje elevane medverknad og høve til val i opplæringa.

- elevmedverknad

Elevmedverknad fører til auka elevaktivitet og ansvar for eiga læring.

" det er kjekt med større valfridom, då vert me meir aktive og jobbar betre" seier elevane.

Dette vert også understreka i L-97 (skulen og eleven sitt val ).

- lærarsamarbeid / teamarbeid, på trinna og heile personalet

Felles strategi og samhandling er viktig for å oppnå skulen sine mål.

Lærarane skal vera ein ressurs for kvarandre til beste for elevane.

Undervisningsopplegg og planar må vera tilgjengeleg på tvers av lærarar og klassesteg. Ein del undervisningsopplegg må vera tilgjengeleg og felles planlagt for heile skulen.

- få til ei samansetjing av klassane som gjer at alle gruppene får eige klasserom

Dette vil letta arbeidet for dei involverte lærarane, og føra til meir ro og konsentrasjon om læring i klassane.

Det vil også utvilsomt skapa meir trivsel for lærarar og elevar.

Det er viktig at elevar som har 5 dagar skuleveke har eig klasserom.



10. VIDARE ARBEID ETTER OKTOBER – 03, VIKEBYGD SKULE.

Utviklingsområde	Idear	
Utvikla arbeidsplanar med klare læringsmål.	Få tilsendt malar frå vurderingsparet. Få idear frå andre skular i regionen/heradet. Sams mal for heile skulen ? Ulik mal for ulike klassetrinn ?	
Elevmedverknad ( eleven sitt val)	Ta elevane med i utvelging av læringsområde og val av arbeidsmåtar. Arbeidsplanar kan vera eit reiskap i ta eigne val og ansvar for eiga læring.	
Lærarsamarbeid / teamarbeid, på trinna og heile personalet.	Finna felles konkrete arbeidsområde frå L 97, der ein kan gje kvarandre idear,erfaringsutveksling i utarbeiding av undervisningsopplegg for ulike klassetrinn.Undervisningsopplegg a bør vera felles eige og vera tilgjengeleg for alle.	
Få til ei samansetjing av klassane som gjer at alle gruppene får eigne klasserom.	Skulen bør sjå på samansetjing av klassane, med vekt på at klassar på same trinn går saman. Bør 3. og 4. klasse ha felles timar?	

*6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Vikebygd 30. oktober 2003



Vedlegg 1.

**ELEV-SKJEMA, 1 – 4 KLASSE.**

Skulen får besøk av to damer som gjerne vil vita korleis de har det på skulen. Det hadde vore fint om de ville kryssa av på dette skjemaet før me kjem. Lærarane fortel korleis de skal gjera det.

	Alltid.	Av og til.	Aldri.
1. Eg likar morgonsamlinga.			
2. Det er kjekt når heile skulen er samla i hallen.			
3. Eg likar klasserommet vårt.			
4. Det går fint å gå ut og inn av klasserommet.			
5. Det er kjekt i friminutta.			
6. Eg har noko å gjera i friminutta.			
7. Eg får hjelp i timane når eg treng det.			
8. Eg kan snakka med lærarane.			
9. Eg forstår kva oppgåver eg skal gjera.			
10. Eg får ros når eg har gjort fint arbeid.			
11. Læraren ser kva eg gjer i bøkene mine.			
12. Eg får hjelp til å gjera endå betre arbeid.			
13. Eg viser dei heime kva eg har gjort på skulen.			
14. Eg likar å læra nye ting.			
15. Klassen har det fint i lag.			



Vedlegg 2

*Elevskjema, 5 -7 klasse.*

Skulen får besøk ( om nokre veker ) av to damer som gjerne vil vita korleis de har det på skulen. Det hadde vore fint om de ville kryssa av på dette skjemaet før me kjem. Kryss under 5 dersom de er heilt samde i påstandane, vidare nedover mot 0 dersom de er heilt usamde.

Spør læraren dersom du ikkje skjønar kva du skal gjera !

	5	4	3	2	1	0
1. Eg likar morgonsamlingane.						
2. Eg får vera med å bestemma korleis klasserommet skal sjå ut.						
3. I klasserommet kan me lett finna det me treng for å arbeida.						
4. Eg får hjelp av læraren når eg treng det.						
5.Me får jobba på mange ulike måtar.						
6. Me forandrar møbleringa av klasserommet når me jobbar med spesielle ting.						
7. Eg får vera med å bestemma kva eg skal læra.						
8.Læraren gjev meg tilbakemelding på korleis eg gjer skulearbeidet.						
9. Eg har elevsamtalar med klassestyrar minst to gonger i året.						
10. Me snakkar om mobbing i klassen.						
11. Eg likar å arbeida med tema / prosjekt.						
12. Eg kjenner meg trygg på skulen.						
13. Eg har noko å gjera på i friminutta.						
14. Eg kjenner reglane som gjeld for oppførsel på skulen.						
15. Det får konsekvensar dersom nokon bryt reglane.						
16. Dei vaksne reagerer nå nokon bryt reglane.						



Vedlegg 3.

### SPØRSMÅLSSKJEMA, pedagogisk personale.

Skulen får i veke 44 besøk av eksterne vurdørar. Før me kjem vil me gjerne henta inn informasjon om korleis de har det på skulen. Det hadde difor vore fint om de ville kryssa av på skjemaet nedanfor.

Kryss av på 5 dersom de er heilt samde i påstanden, nedover mot 0 dersom de er heilt usamde. Det er me som skal oppsummera skjemaet, og det vil verta handsama konfidensielt.

På førehand takk !

Helsing Turid og Ragnhild.

PÅSTAND :	5	4	3	2	1	0
1. Hallen vert nytta som fellesareal.						
2. Hallen er godt egna som fellesareal.						
3. Morgonsamlingane fungerer godt.						
4. Klasseromma er godt og logisk fordelte.						
5. Uteplassen er så tenleg som han kan vera.						
6. Ressursdisponeringa er fornuftig.						
7. Spesialundervisninga fungerer godt.						
8. Det er sett av rimeleg tid til teamsamarbeid.						
9. Fellestida vert godt nytta.						
10. Elevane arbeider etter arbeidsplanar.						
11. Læringsmåla er tydelege på arbeidsplanane.						
12. Det vert vektlagt at heimen skal kunna følgja med på arbeidsplanane.						
13. Skulen gjennomfører planlagde elevsamtalar.						
14. Elevane får munnleg tilbakemelding på utført arbeid.						



15. Elevane får skriftleg tilbakemelding på utført arbeid.						
16. Lærarane føl opp elevane fagleg.						
17. Skulen nyttar nasjonalt utarbeidde prøvar.						
18. Resultata av desse prøvane vert nytta som korreksjon til eiga undervisning.						
19. Foreldre / lærar / elevsamtalane er nyttige.						
20. Elevarbeid vert dokumentert gjennom elevmapper.						



#### Vedlegg 4.

#### FORELDRESKJEMA.

Vikebygd skule skal ha ekstern vurdering i veke 44, det vil sei at dei får vitjing av to personar utanfor kommunen som skal sjå på ulike sider ved skulen.

I samband med dette ber me om at de svarar på dette skjemaet, kryss under 5 dersom de er heilt samde i påstanden, glidande nedover til 0 dersom de er heilt usamde.

Svarskjema vert handsama konfidensielt, og talt opp av dei eksterne vurdørarane.

På førehand takk !

	5	4	3	2	1	0
1. Hallen vert nytta som fellesareal.						
2. Hallen er godt egna som fellesareal.						
3. Morgonsamlinga på skulen fungerer godt.						
4. Klassen til min elev har vel - egna klasserom.						
5. Skulen disponerer klasseromma på ein fornuftig måte.						
6. Uteplassen er så tenleg som han kan vera.						
7. Eleven min har det bra i friminutta.						
8. Eleven min får den faglege hjelpa han treng.						
9. Lærarane har tid til å snakka med eleven.						
10. Eleven arbeider etter arbeidsplanar.						
11. Det er lett for heimen å følgja med på arbeidsplanen.						
12. Eleven får tilbakemelding på utført arbeid.						
13. Elev /foreldre / lærarsamtalen er informativ for foreldre.						
14. Skulen føl eleven opp fagleg.						
15. Som foreldre er me godt nøgde med eleven si faglege utvikling.						



Vedlegg 5.

## Intervju med elevane – Vikebygd skule

- Kva likar du best med morgonsamlinga
- Kva har du delteke med
- Har klassen gjort noko saman
- Kven er det som bestemmer kva de skal delta med
- Er det andre ting du kunne tenkja å gjera på morgonsamlinga
  
- Kunne du tenkja deg å møbelera / pynta klasserommet på ein annan måte
- Trur du me kan sjå kva de har arbeidd med i haust
- Korleis kunne klasserommet ditt verta trivelegare
- Kva er det som er kjekkast med prosjekt- / temaarbeid
- Kvar finn du bøker og matriell når du skal arbeida med tema- og prosjekt
- Får du lov å bestemma kva tema du skal arbeida med
  
- Når du arbeider med arbeidsplan, tek du det lettaste, det du likar best fyrst
- Kan du fortelja litt om korleis du arbeider med arbeidsplan
- Korleis veit du kor godt du har arbeidd med arbeidsplanen
- Er det passeleg mykje arbeid på planen
- Viser du arbeidsplanen til foreldra dine
- Arbeider alle med det same på arbeidsplanen
- Snakkar de om arbeidsplanane når de er ferdige med arbeidet
- Får de tilbakemelding på arbeidet
- Korleis fortel læraren deg om korleis du gjer skulearbeidet ditt



Vedlegg 6.

## **SAMTALESKJEMA, PEDAGOGISK PERSONALE VIKEBYGD SKULE.**

Morgonsamlinga fører til fagleg og sosial utvikling.

- alle får delta i samlinga
- elevane får presentera fagleg kunnskap
- elevane er med å bestemma innhald
- elevane får vera med å evaluera samlingane
- pedagogisk personale vurderer jamnleg samlingane

Klasseromma kan møblerast ut frå ulike arbeidsmåtar.

- elevane arbeider i varierte grupper
- elevane arbeider individuelt
- møbleringa i klasserommet skifter
- elevane har god tilgang på ulikt materiell i klasseromma/fellesareala
- elevane veit å finna fram til hjelpemiddel og lærestoff
- klasseromma/fellesareal synleggjer kva elevane driv med
- klasseromma/fellesareala er med å skapa trivsel
- utnyttar skulen det fysiske miljøet til beste for undervisninga, eller kunne arealdisponering vore gjort annleis ?

Elevane arbeider etter arbeidsplanar.

- arbeidsplanane er freista tilpassa den einskilde
- læringsmåla er tydelege på arbeidsplanane
- det vert lagt vekt på at det skal vera lett for heimen å følgja med på arbeidsplanane
- arbeidsplanane vert diskutert og evaluert
- arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsmåtar

Elevane får tilbakemelding på arbeid.

- skriftlege kommentarar
- munnlege tilbakemeldingar
- diskusjon med elevane om arbeid
- førebudde elevsamtalar
- lærar /elev / foreldresamtalar



- elevane får tilbakemelding på
  - prosess
  - skriftleg arbeid
  - munnleg framføring
  - einskildarbeid
  - gruppearbeid
  - prosjektarbeid og praktiske øvingar
  - heimearbeid

Skulen sine tildelte timar vert godt utnytta, eller kunne dette vorte gjort betre ?

Skulen legg godt til rette for lærarsamarbeid, eller kunne dette vore gjort betre ?



Vedlegg 7.

## **SPØRSMÅLSSKJEMA, ANDRE TILSETTE VIKEBYGD SKULE.**

Vert dei ulike romma på skulen godt utnytta ?

Er klasseromma fordelt på ein fornuftig og god måte ?

Kunne det vore betre orden i korridorane ?

Brukar elevane innesko, og har dei skohyller ?

Har SFO gode lokale ?

Opplever de SFO som ein del av skulen ?

Samarbeider lærarane med personalet på SFO ?

Får de den informasjonen de treng frå lærarar og leing



Vedlegg 8.

## **SAMTALESKJEMA, FORELDRE VIKEBYGD SKULE.**

Morgonsamlinga fører til fagleg og sosial utvikling.

- kjenner de til morgonsamlinga på skulen
- har de meiningar om denne samlinga

Klasseromma kan møblerast ut frå ulike arbeidsmetodar.

- meiner de klasseromma på skulen er fornuftig brukt
- klasseromma er gode arbeidsrom
- klasseromma er trivelege
- elevane vert gruppert og sit på mange ulike måtar
- elevane får variera arbeidsmåtane

Elevane arbeider etter arbeidsplanar.

- arbeidsplanane er freista tilpassa den einsskilde
- det er lett å sjå kva elevane skal læra på arbeidsplanane
- det er lett for heimen å følgja med på arbeidsplanane
- arbeidsplanane vert diskutert med foreldra

Elevane får tilbakemelding på arbeid.

- elevane sine arbeid vert retta av lærarane
- elevane får skriftlege kommentarar på arbeid
- har elevane høveleg heimearbeid
- elevane har elevsamtalar med klassestyrar
- skulen har lærar – elev – foreldresamtalar, er desse nyttig for de som foreldre ?
- får de god informasjon om korleis elevane har det på skulen

Har de som foreldre noko de meiner kan gjerast betre av leiing og lærarar på skulen ?

Er det noko de tykkjer skulen er svært flinke til?